

# MØTEBOK

for årsmøtet i  
Vestland Venstre

laurdag 13. og søndag 14. februar 2021

Digitalt møte på Zoom

5. februar 2021

Til: Delegatar til Vestland Venstre sitt årsmøte 2021  
Kopi: Varadelegatar til Vestland Venstre sitt årsmøte 2021

## ÅRSMØTE I VESTLAND VENSTRE 13.-14. FEBRUAR 2021

Det er kalla inn til årsmøte i Vestland Venstre, og du som mottar desse papira er vald som delegat eller varadelegat til møtet, anten som representant for eit av lokallaga, ein av sideorganisasjonane, eller i kraft av ditt årsmøtevalde styreverv i Vestland Venstre.

**Dato:** Laurdag 13. februar og søndag 14. februar 2021  
**Tid:** Laurdag 15.00-19.30, søndag 10.30-15.30  
**Stad:** Digitalt møte på Zoom

**Link til registrering for møtet:** <https://forms.gle/5at8CKzYfZtWThgU6>

Varadelegatar til møtet vert berre innvilga stemmerett dersom det er forfall blant dei faste delegatane i delegasjonen. Møtet er ope for alle medlemmer av Vestland Venstre.

I tillegg til denne møteboka finst følgjande **sakspapir i egne vedlegg**:

- 1) Innkomne framlegg til politiske fråsegner
- 2) Innkomne endringsforslag til stortingsvalprogrammet, med fylkesstyret sine innstillingar
- 3) Førebels delegatliste
- 4) Oversikt over representasjonsretten
- 5) Årsmeldingar frå fylkestingsgruppa og Vestland Unge Venstre

Sakspapira sendast berre ut pr. e-post

Praktiske opplysningar:

- Alle må ha registrert seg via registreringslenkja over for å få møtelenkje. Registrering må skje seinast fredag 12. februar kl. 19.00
- Brukarretteiing for Zoom er vedlagt

Fylkesstyret sitt framlegg til

## **Program for fylkesårsmøtet i Vestland Venstre**

### **Laurdag 13. februar**

14.45 *Møterom for årsmøtet opnar*

#### **15.00 Opning av fylkesårsmøtet**

Opning ved fylkesleiar Åsta Årøen

*Kort teknisk gjennomgang*

Helsingar til årsmøtet

Namneopprop og val av møteleiarar

Val av fullmaktsnemnd, møtesekretærar, referentar, teljekorps, signatarar og eventuell supplering redaksjonsnemnd.

Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjenning av program og forretningsorden

Orientering frå redaksjonsnemnd for politiske fråsegner

16.15 Pause

16.30 Orientering frå fullmaktsnemnda - godkjenning av delegatar

Årsmelding 2020 og rekneskap 2020

Orienteringar frå stortingsrepr, ft.gruppa og sideorg.ane om arbeidet i 2020

Fråsegner (tal og prioritering)

18.00 Pause

18.15 Organisasjonsdebatt og vedtak av valkampplan

Vedtaksendingar

Tilleggskontingent 2022 og Budsjett 2021

Fråsegner

19.30 Slutt for dagen

### **Søndag 14. februar**

10.00 *Møterommet opnar*

#### **10.30 Fylkesårsmøtet fortset**

Fråsegner

Innleiing til stortingsvalprogrammet ved Sveinung Rotevatn

Behandling av utkastet til stortingsvalprogram - kapittel for kapittel.

12.30 Lunsjpause

13.15 Behandling av stortingsvalprogrammet fortset.

Voteringar på endringsforslag til stortingsvalprogrammet

Val av LM-utsendingar

Val av valnemnd

Val av red.nemnd for år22

15.00 Førstekandidatane for dei to valkrinsane avsluttar møtet med ei motivasjonstale

15.30 Slutt

## ÅM-1. Opning og namneopprop

Fylkesleiar Åsta Årøen opnar møtet

*Kort teknisk gjennomgang*

Helsingar til fylkesårsmøtet

- Ordfører i Bergen, Marte Mjøs Persen (Ap)
- Leiar i Bergen Venstre, Heine Johansen
- Venstrekvinnelaget og Unge Venstre

Namneopprop (sjå separat deltakarliste) og val av møteleiarar (sjå ÅM-5)

## ÅM-2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Årsmøteinnkalling vart sendt til lokallagsleiarar og leiarar for sideorganisasjonane 16. desember 2020 og orientering om styret si avgjersle om digital gjennomføring av årsmøtet gjekk ut 19. januar.

**Forslag til vedtak:** Innkallinga til årsmøtet godkjennast.

Fylkesstyret sitt framlegg til

**SAKLISTE** for fylkesårsmøtet i Vestland Venstre 13. - 14. februar 2021

ÅM-1.	Opning og namneopprop
ÅM-2.	Godkjenning av innkalling og sakliste
ÅM-3.	Godkjenning av program
ÅM-4.	Godkjenning av forretningsorden
ÅM-5.	Val av møteleiarar, fullmaktsnemnd, møtesekretærar, referentar, teljekorps, signatarar og eventuell supplering av redaksjonsnemnd for fråsegner
ÅM-6.	Fråsegner
ÅM-7.	Årsmelding 2020
ÅM-8.	Rekneskap 2020
ÅM-9.	Vedtektssendingar
ÅM-10.	Organisasjonsdebatt Vedtak av plan for valkamparbeidet i fylkeslaget
ÅM-11.	Vedtak av eventuell tilleggskontingent for 2022
ÅM-12.	Vedtak av budsjett 2021
ÅM-13.	Eventuelt suppleringsval til fylkesstyret Val av valnemnd og landsmøteutsendingar
ÅM-14.	Handsaming av utkast til stortingsvalprogram
ÅM-15.	Val av redaksjonsnemnd for neste årsmøte
ÅM-16.	Innkomne saker

### **ÅM-3. Godkjenning av program**

*Sjå styret sitt framlegg til program side 3*

**Forslag til vedtak:** Programmet godkjennast

### **ÅM-4. Godkjenning av forretningsorden**

Fylkesstyret sitt framlegg til **Forretningsorden**  
for fylkesårsmøte i Vestland Venstre **13. - 14. februar 2021**

#### **Om den generelle avviklinga av debatten:**

1. Fylkesårsmøtet vert leia av to møteleiarar som vert valde ved konstitueringa av møtet. Møteleiarane må sjå til at dei oppsette rammene for debatten vert haldne. Dei kan difor avgjere om avgrensa taletid skal innførast og gjere framlegg om når "strek" skal setjast.
2. Møtedelegatar med stemmerett får ordet i den rekkjefølgja dei melder seg på talarlista ved trykkje på symbolet «Raise hand».
3. Møteleiarane kan tillata inntil to replikkar til kvart debattinnlegg, etter replikkar er det høve til svarreplikk for den som hald debattinnlegget. Ein replikk kan vere maksimum 1 minutt lang. Replikk skal vere retta til det føregåande debattinnlegget, svarreplikk til replikkane den er svar til. Delegatane teiknar seg til replikk ved å trykkje på symbolet «Open mouth». (det symbolet mellom «latter og hjerte»). Møteleiar gir replikk til dei som først ber om det.
4. Møteleiarane gjer framlegg om prosedyre for eigenpresentasjon og støttetalalar før personval.
5. Valde delegatar og møteleiarbordet kan fremje framlegg om talerett for personar som er til stades utan å ha slik talerett etter vedtektene, anten for ei einskild sak eller for heile møtet.
6. Eventuelle endringar i vedtatt forretningsorden krev 2/3 fleirtal.

#### **Om framlegg:**

1. Alle framlegg som vert sett fram til votering skal vere innsendt skriftleg innan dei fristar som er vedtatt for dette møtet. Andre framlegg skal formidlast skriftleg til møteleiar via chat eller anna løysing som er vedtatt for dette møtet.
2. Framlegg som gjeld sjølve møteavviklinga, t.d. om voteringsorden, taletid eller «strek», kan med møteleiar si tilslutning setjast under votering utan å vere fremma skriftleg.
3. Alle endringsframlegg skal leverast elektronisk og tydeleg merka med saksnummer og type endringsframlegg. Leverast på eige skjema i saker der dette er tilgjengeleg.
4. Fylkesårsmøtet fastset frist for innlevering av endringsframlegg til fråsegner.

#### **Om votering utanom personval:**

1. Møteleiar gjer framlegg om voteringsorden, og fylkesårsmøtet fastset denne før kvar votering når det gjeld saker der vedtektene ikkje fastset voteringsprosedyre. Endringsframlegg skal settast opp mot innstillingane.
2. I opne voteringar voterast det med «grøn-yes» eller «rød-no»-knappane i Zoom. I skriftlege/anonyme voteringar vil det dukke opp et voteringsalternativ på skjermen (inne i Zoom), og delegaten kan der avlegge sitt svar
3. Når fleire alternative framlegg ligg føre, skal det først voterast over det mest ytterleggående, og til slutt alternativ votering mellom de to siste framlegga, så langt ingen krev separat votering.
4. Det kan haldast prøvevotering.

### **Valprosedyre:**

1. Dersom det berre føreligg eitt namneforslag til ein plass/ei rolle, og ingen krev skriftleg votering, kan vala gjerast ved akklamasjon. (Gjerast ved å trykkje på klappe-symbolet eller klappe synleg for kamera.)
2. Dersom det er to eller fleire kandidatar til ein og same plass/rolle og dersom minst ein utsending krev det, skal valet vere skriftleg/anonymt, ved bruk av «polls». (Dette blir gitt rettleiing om)
3. Å stemme blankt vert rekna som gitt stemme.
4. Den er vald som oppnår fleire enn halvparten av dei stemmene som er gitt.
5. Dersom ingen kandidat i første valomgang oppnår fleire enn halvparten av dei gitte stemmene, skal det haldast omval. Er det fleire enn to kandidatar, fell kandidaten med færrest stemmer ut i kvar valomgang, inntil ein kandidat oppnår fleire enn halvparten av stemmene. Dersom to eller fleire kandidatar oppnår det same tal færrest stemmer i same valomgang, vert det loddtrekking om kven av kandidatane som fell ut.

**Forslag til vedtak:** Forretningsorden godkjennast

### **ÅM-5. Val av møteleiarar, fullmaktsnemnd, møtesekretærer, referentar, teljekorps, signatarar og eventuell suppleringsnemnd for fråsegner**

Fylkesstyret sitt framlegg til

- **Møteleiarar**

#### **Forslag til vedtak:**

Laurdag: Agnes Hoshovde Bernes og Elizabeth Toft Erichsen.  
Søndag: Julie Andersland og Gunn Vivian Eide.

- **Fullmaktsnemnd**

**Forslag til vedtak:** Fullmaktsnemnd for fylkesårsmøtet vert den same som for nominasjonsmøta, samansett av Jo Lerheim, Vigdis Tønning og Ellen Pedersen. Fylkessekretær Linda Ness Rotihaug og fylkessekretær Gro Gjelsvik assisterer fullmaktsnemnda.

#### **Teknisk ansvarlege/møtesekretærer**

Teknisk ansvarleg: Jo Lerheim

- **Referentar**

**Forslag til vedtak:** Referentkorps vert Linda Ness Rotihaug (begge dagar), Gro Gjelsvik (begge dagar) og Torstein Stråtveit (søndag)

- **Teljekorps**

**Forslag til vedtak:** Jon Frogner, Merete R. Hopland, Christer ML Bendixen

- **Signatarar**

## Årsmøtet foreslår

- **Eventuell supplering av redaksjonsnemnd for fråsegner**

Redaksjonsnemnda for politiske fråsegner var vald på årsmøtet i 2020.

Fylkesstyret har anbefalt Elizabeth Toft Erichsen som leiar.

Til orientering:

Jo Lerheim var i årsmøtevedtaket ført opp som leiar av redaksjonsnemnda. Sidan Lerheim har fått oppgåva som teknisk ansvarleg for den digitale gjennomføringa av møtet, har han ikkje høve til også å vere i redaksjonsnemnda. Vara Kjersti Vevatne har difor tiltredd nemnda under arbeidet i forkant. Redaksjonsnemnda har konstituert seg sjølv under sitt første møte 3. februar og er samansett av desse personane:

Elizabeth Toft Erichsen, Tom Hiis Bergh, Jacob Nødseth, Synnøve Handeland, Kjersti Vevatne. Frå Vestland Unge Venstre deltek Jens Håkon Birkeland. Vestland Liberale Studenter har også høve til å delta.

## **ÅM-6. Fråsegner**

Innkome framlegg til politiske fråsegner. Det var kome inn 22 framlegg til fråsegner innan fristen gjekk ut 1. februar

*Sjå eige vedlegg*

Leiar av redaksjonsnemnda orienterer om nemnda sitt arbeid i forkant av møtet og legg fram innstilling på kor mange fråsegner og kva fråsegner fylkesårsmøtet skal handsame.

Etter at årsmøtet har vedteke tal på fråsegner og kva fråsegner som skal handsamast, skal det setjast ein frist for å kome med endringsforslag.

Endringsforslag sendast inn på eige elektronisk skjema til red.nemnda.

## **ÅM-7. Årsmelding 2020**

Fylkesleiar Åsta Årøen legg fram årsmeldinga for Vestland Venstre.

Årsmøtet er Vestland Venstre sitt høgaste organ, og denne årsmeldinga er eit forsøk på å få formidla kva fylkesstyret og fylkeslaget har hatt føre seg i året som har gått. Styringsdokument for fylkesstyret har vore handlingsplanen som vart vedteken på Voss på fylkesårsmøtet i februar 2020. På det tidspunktet såg ikkje Vestland Venstre føre seg at 2020 skulle bli så prega av Covid 19 som det har vorte, så vi har måtte tenke nytt om ein del av vår aktivitet, når vi skulle arbeide ut frå handlingsplanen.

## **Årsmelding for Vestland Venstre 2020**

### **1. FYLKESÅRSMØTET**

01.01.2020 vart Sogn og Fjordane Venstre og Hordaland Venstre slått saman til Vestland Venstre. Helga 8.-9. februar gjennomførte vi det første årsmøtet for det nye fylkeslaget på Voss. Interimsstyret hadde førebudd møtet og stod for gjennomføringa.

Totalt møtte det 114 utsendingar frå lokallaga, fylkesstyret, Unge Venstre og Venstrekvinnelaget denne helga, 68 frå Hordaland og 46 frå Sogn og Fjordane. I tillegg møtte 15 observatørar inkludert stortingsrepresentant Terje Breivik, klima og miljøminister Sveinung Rotevatn, sekretariatsleiar for Venstre si stortingsgruppe Torild Skogsholm, fylkessekretærene Linda Ness Rotihaug og Gro Gjelsvik.

Desse sakene var oppe

- årsmelding, valkamprapport, rekneskap, og budsjett
- endeleg vedtak om samanslåing til Vestland
- val av fylkesstyre, revisorar, landsmøteutsendingar og valnemnd
- gjennomgang og prøvevotering over dissensar i prinsippprogram
- generell politisk debatt
- fråsegner
- organisasjonsdebatt, vedtektsendringar
- val av redaksjonsnemnd for fylkesårsmøtet 2021 (fråsegner)
- nominasjonsprosess føre stortingsvalet 2021
- handlingplan for 2020-21

## 2. FYLKESSTYRET

Fylkesstyret har sidan årsmøtet hatt følgjande samansetjing:

Leiar: Åsta Årøen, Bergen

1. nestleiar: Jan Henrik Nygård, Kinn

2. nestleiar: Agnes Hoshovde Bernes, Alver

Medlem: Geir Angeltveit, Stord

Medlem: Jo Lerheim, Bergen

Medlem: Elizabeth Toft Erichsen, Øygarden

Medlem: Åge Avedal, Sunnfjord

Varamedlemmer:

1. vara: Jon Frogner, Stad

2. vara: Njaal Neckelmann, Bergen

3. vara: Alf Helge Greaker, Bømlo

4. vara: Irene Storøy, Bremanger

Alle vart valde for 2 år.

Sideorganisasjonane har fast styreplass og for Vestland Unge Venstre møtte Ole Martini. For Hordaland Venstrekvinnelag har Kari Østervold Toft møtt. Liberale studenter har delteke ved nokre av styremøta, dei har vore representert av Solveig Hillestad og Erik Justus Grunert

Gro Gjelsvik og Linda Ness Rotihaug har som sekretærar delteke på styremøta.

Gruppeleiar i fylkestinget, anten Gunhild Berge Stang, Alfred Bjørlo eller Geir Kjell Andersland, har vore kalla inn til styremøta og delteke stort sett. Geir Kjell vart gruppeleiar etter at Gunhild vart tilsett som statssekretær for Kultur- og likestillingsministeren i mai 2020.

Fylkesstyret har i 2020 hatt 10 ordinære styremøte og handsama 92 saker.



Septembermøtet var saman med fylkestingsgruppa.

Styret har eit arbeidsutval (AU) samansett av leiar og nestleiarar og fylkessekretæranane. Arbeidsutvalet har hatt 14 møte i 2020. AU har arbeidd mellom styremøta med saksførebuing, oppfølging av styresaker, samt planlegging av samlingar og andre møte.

Alle AU-møte og alle styremøte er dokumenterte ved eigne referat, som er sendt ut til heile styret kort tid etter.

### **3. NEMNDER OG UTVAL**

#### **Nominasjonsnemnda for stortingsvalet Sogn og Fjordane valkrins:**

Atle Hamar, leiar, Klaus Iversen, Gunnar Osland, Kariann Myklebust Fagerli, Jon Ove Lomheim, Astrid Hoffart, Vigdis Tonning, Agnes Hoshovde Bernes og Knut Camillo Thorsnes

#### **Nominasjonsnemnda for stortingsvalet Hordaland valkrins:**

Synnøve Handeland, leiar, Bjørn Tore Sund, Alf Helge Greaker, Tallak Liavåg Rundholt, Elin Seim, Elizabeth Toft Erichsen, Emina Koch, Miriam Louise Seim, Trude Sletteland og Njaal Neckelmann

#### **Valkamputval**

Ingrid Nergaard Fjeldstad, Atle Hamar, Kari Østervold Toft og Ole Martini vart utpeika til eit førebuaende valkamputva i oktober. Ingrid er leiar av utvalet.

#### **Valnemnd 2020:**

Leiar Judith Kapstad, Kariann Myklebust Fagerli, Arild Raftvoll, Kjersti I Vevatne, Petter S Ulriksen, Ole Martini og Siw Bergesen. Varamedlemmer: Grete Line Simonsen, Anne-Beth Njærheim, Gunn Merete Paulsen og Vigdis Tonning.

#### **Internrevisorar**

Vigdis Tonning og Synnøve Handeland er revisorar.

### **4. LOKALLAGS-/MEDLEMSSTATUS**

Vestland Venstre har 28 fungerande lokallag pr 31.12.2020. Det er Venstremedlemmer i 8 kommunar utover dette. Totalt er det 925 registrerte medlemmer. Talet på betalende medlemmer ved utgangen av året var 803, 122 medlemmer betalte ikkje kontingenten i 2020. Betalingsprosenten var på nær 87% i 2020.

Medlemsmassen viser ein andel på 39% kvinner og 61% menn pr. 31.12.2020.

Utviklinga i talet på betalende medlemmer dei siste åra i hhv Sogn og Fjordane og Hordaland:

2018: 603+323 = 926 (Hordaland + Sogn og Fjordane)

2019: 534+319 = 853 (Hordaland + Sogn og Fjordane)

2020: 803 Vestland

Det er i løpet av året lagt ned ein strålende innsats frå mange av våre medlemmer og lokallag med både å verve nye medlemmer og å sikre at eksisterande medlemmer betalte kontingenten. Vervekonkurranse vart utlyst og dette hadde god effekt på slutten av året. Tusen takk til alle som har bidrege!

Første året som eit samla Vestland Venstre fekk vi til saman 85 nye medlemmer. I første halvår melde 27 seg aktivt inn, medan 58 melde seg inn i andre halvår,- klart fleire innmeldingar i andre halvår altså og desember var den beste månaden (sjå tabell under).

Trass i ein god del innmeldingar vart det i 2020 ein netto nedgang i talet på betalande medlemmer. Dette skuldast ikkje berre aktive utmeldingar. Inntrykket er at det er færre aktive utmeldingar i år i 2020 enn i 2019. Utover aktive utmeldingar, er også systematikken at Venstre sentralt ryddar i medlemsregisteret kvart år i januar og då vert blant anna dei som ikkje hadde betalt kontingent dei siste to åra tekne vekk frå listene. I løpet av et år vil det også vere nokon som flyttar til eit anna fylke og nokon som dør. Eit lokallag som tidlegare låg i Sogn og Fjordane fylke (Hornindal Venstre) kom i tillegg over i nytt fylke som følge av regionreforma.

Oversikt over innmeldingar i 2020:

Månad	Innmeldingar	Lokallag/kommunar
Januar	14	Bergen, Askøy, Bømlo, Fjaler og Kinn
Februar	3	Stad og Bergen
Mars	5	Askvoll, Øygarden, Bergen
April	2	Bergen
Mai	1	Bergen
Juni	2	Bergen
Juli	1	Bergen
August	10	Bergen, Alver,
September	15	Bergen, Øygarden, Stryn, Bjørnafjorden
Oktober	4	Bømlo, Bergen
November	2	Stad, Bergen
Desember	26	Voss, Ulvik, Askøy, Bergen
	<b>85</b>	

## 5. ANDRE SAMARBEIDSORGAN

Vestland Unge Venstre  
Fylkestingsgruppa i Vestland  
Vestland Venstrekvinnelag  
Liberale studenter

sjå eiga årsmelding  
sjå eiga årsmelding  
sjå eiga årsmelding  
sjå eiga årsmelding

## 6. REPRESENTASJON I REGJERING OG STORTING

Terje Breivik var Venstre sin representant frå Hordaland på Stortinget og er parlamentarisk leiar. Idun Bortne har vore vara for han. Terje sit i Kontroll- og konstitusjonskomiteen (Arbeid og sosial)

Sveinung Rotevatn er Klima- og miljøminister. Mathias Fischer statssekretær i Klima- og miljødepartementet. Gunhild Berge Stang er statssekretær i Kulturdepartementet.

## 7. REPRESENTASJON I STYRE OG UTVAL I VENSTRE SIN HOVUDORGANISASJON

**Sentralstyret:** Terje Breivik (2. nestleiar), etter landsmøtet i september: Sveinung Rotevatn (nestleiar), medlem Gunhild Berge Stang og vara Erlend Horn.

**Landsstyret:** Åsta Årøen, Jan Henrik Nygård og gruppeleiar Gunhild Berge Stang /Alfred Bjørlo /Geir Kjell Andersland. Agnes Hoshovde Bernes har også stilt i Landsstyret ved fleire høve. Alfred Bjørlo og Erlend Horn er direktevalde Landsstyremedlemmer, Ane Breivik er representant for Unge Venstre og Astrid Hårstad for Norges Venstrekvinnelag.

**Prinsippprogramkomiteen:** medlemmer Alfred Bjørlo og Sveinung Rotevatn

**Programkomiteen for stortingsvalprogrammet 2021:** Sveinung Rotevatn, leiar, Atle Hamar, nestleiar og medlemmer Erlend Horn og Astrid Knutsen Hårstad (Venstrekvinnelaget).

**Venstres valkomite:** medlemmer Anne Mette Hjelle og Astrid Knutsen Hårstad (Venstrekvinnelaget)

**Distriktpolitisk utval:** Atle Hamar, leiar og Elin Seim (medlem) fram til desember 2020 då det vart valt nye medlemmer til utvalet og Alfred Bjørlo vart ny leiar.

**Internasjonalt utval:** Alf Helge Greaker, medlem

**Venstres gruppe for marin sektor:** Kari Østervold Toft

**Venstres Studieforbund:** Styreleiar Håkon Frode Særsten

**Venstre sin representant i hovudstyret i KS:** Gunhild Berge Stang

### **Representasjon i kommunestyre og fylkesting:**

Venstre har 53 representantar i kommunestyra i 23 Vestland kommunar. Venstre har ordførar i Stad, varaordførar i Askvoll og Stryn.

I fylkestinget har vi to representantar. (sjå eigen årsmelding)

## 8. LANDSMØTET

**Landsmøtet vart halde på Thon Hotel Oslo Airport 26.-27. september. Følgjande delegatar møtte:**

Åsta Årøen  
August Simonsen  
Agnes Hoshovde Bernes  
Alfred Bjørlo

Ane Breivik  
Kristin Golf  
Atle Hamar  
Peder Lofnes Hauge  
Solveig Hillestad  
Njaal Neckelmann  
Ole Martini  
Tallak Rundholt  
Jacob Nødseth  
Jan Henrik Nygård  
Dina Bovim  
Bjørn Tore Sund  
Kari Østervold Toft  
Eivind Tokheim  
Torstein Tvinnereim

## 9. SEKRETARIAT

Gro Gjelsvik har vore sekretær i 60 % stilling dette året og Linda Ness Rotihaug har vore tilsett i 40% stilling. I januar arbeidde Gro 100% for å førebu fylkesårsmøtet. Linda og Gro har vore sekretær for fylkesstyret, arbeidsutvalet, interimsstyret, nominasjonsnemndene og rettleiar for valnemnda, Gro har i 2020 vore den som har ført rekneskap for Vestland Venstre og fylkestingsgruppa. Bystyregruppa i Bergen betalar Vestland Venstre for at Gro administrerer konti og fører rekneskap for dei også.

Både Linda og Gro sa opp sine stillingar som fylkessekretærer i Vestland Venstre i november 2020 og sluttar i løpet av dei første månadene i 2021. Dei har begge vore tilsett i Sogn og Fjordane og Hordaland sidan 2007/2008. Gro fortset i ei 10 % stilling for å ta hand om økonomien.

## 10. MØTER/KONFERANSAR

Covid-19 førte til nedstenging av landet i mars. Dette førte til at vi måtte avlyse planlagt fylkessamling LPN i slutten av april, og det meste av aktivitetane vart då gjennomført digitalt. Vestland Venstre har i 2020 arrangert:

Februar: Fylkesårsmøte på Voss

September: Delegasjonsmøte føre Landsmøtet (digitalt)

Oktober: Tre temamøte om førsteutkastet for Stortingsvalprogrammet (digitalt)

November: Digital fylkessamling

Desember: Digitalt medlemsmøte om flyktningsituasjonen på Lesvos

I tillegg regionvise møte i regi av valkamputvalet.

## 11. FRÅSEGNER

Landsstyremøte i mars: Universitetet skal ikkje vere eit instrument for departementet  
Landsstyremøte i april: Universitetet skal ikkje vere eit instrument for departementet  
Utviklingshemmede og smittevern (etter innspel frå NFU)

September: "Venstre vil ha kraftig satsing på rassikring". Denne vart sendt til Stortingsgruppa, felles initiativ frå Vestland, Møre og Romsdal og Rogaland Venstre Sirkulærøkonomi - Venstre vil følge 7 prinsipp om sirkulærøkonomi - saman med Viken Venstre: Denne vart vedtatt på Landsmøtet i september.  
Fråsegn om ME - vart sendt inn til Landsmøtet  
Fråsegn om turistprovisjon - sendt over til Stortingsgruppa etter innspel frå næringsliv.

## 12. VESTLAND VENSTRE SIN MILJØPRIS

Vestland Venstre sin første miljøpris vart utdelt under den digitale fylkessamlinga i november. Det var Florøbedrifta Evoy som fekk Vestland Venstre sin miljøpris for 2020. Klima- og miljøminister Sveinung Rotevatn delte ut prisen til dagleg leiar Leif A. Stavøstrand.

Evoy har tatt ein leiande posisjon i Norge og Europa med utvikling og produksjon av utanbords og innanbordsmotorar for fritidsbåtar og arbeidsbåtar innan marine næringar. Kombinasjonen grunderkraft, klimakloke løysingar, rett bruk av verkemiddelapparat, lokalpatriotisme og gjennomføringskraft har gjeve resultat og vil vere eit godt bidrag til vårt ønskje om grøn næringsutvikling og reduksjon av klimagassutslepp.

## 13. SLIK HAR STYRET JOBBA GJENNOM ÅRET

Fylkesårsmøtet vedtok i februar 2020 ein toårig handlingsplan. Restriksjonar som følge av Covid-19 har gjort at vi har teke i bruk nye arbeidsmetodar og i stor grad nytta digitale verktøy. Trass i omstilling og bratt læringskurve, har vi likevel klart å halde nokre hovudfokus i året som har gått:

- oppfølging av lokallag
- fokus på verving
- følge opp besøk frå Regjering og Storting
- følge opp programarbeidet
- legge til rette for og følge opp valkamp og nominasjon

Arbeidsfordeling i styret:

- 1. nestleiar Jan Henrik Nygård - fylkesstyremøter, landsstyremøter, regionfadder, programarbeid..
- 2. nestleiar Agnes Hoshove Bernes – hovudansvar for programarbeid, regionfadder
- Geir Angeltveit – oppfølging av besøk frå Regjering, oppdatering sosiale media, informasjonsarbeid.
- Heile styret har følgd opp sine tildelte lokallag.

### Reiseaktivitet og medlemspleie

*Oversikt over minister- og statsrådsbesøk i 2020 ligg som vedlegg sist i denne årsmeldinga.*

Interngruppa for alle medlemmer av Vestland Venstre på Facebook har jamleg vore nytta til spreing av informasjon. Alle medlemmer som har sendt spørsmål til leiar eller andre styremedlemmer har blitt svart, etter beste evne.

For styret har det vore eit mål å få til meir aktivitet knytt til regjeringsbesøk i dei ulike kommunane. Geir Angeltveit har motteke alle reisemeldingar frå Regjeringa, og teke kontakt med relevant lokallag.

### Økonomi

Allereie før samanslåinga til eitt fylkeslag visste vi at året 2020 ville bli eit krevjande år

økonomisk. Eit dårleg valresultat ved fylkestingsvalet i 2019 gjer at statsstøtta vert låg kvart år heilt fram til neste fylkestingsval. Ein nedgang i talet på betalande medlemmer verker også negativt inn på økonomien. Styret har hatt fokus på utgiftssituasjonen og arbeidd med å kutte i kostnadspostane. I begge dei gamle fylkeslaga hadde ein hatt tilsett ein fylkessekretær i deltidsstilling i alle år, men før samanslåinga i 2020 var det klart at styret måtte jobbe med å få ned lønskostnadane betrakteleg før valåret 2021. Samstundes måtte omsyn til dei tilsette takast og ein måtte ha med i reknestykket at fylkestingsgruppa har bidrege med eit stort tilskot til eit sekretariat. Covid-19-pandemien har gitt auka digital aktivitet, dette har gjort at vi har spart pengar på reiser og samlingar.

Fylkeslaget hadde i 2020 eit overskot på 42344 kr, litt meir enn budsjettet.

*Sjå elles rekneskapen for 2020.*

### **Informasjon**

Fylkesstyret (og valkamputvalet) har nytta e-post, heimesidene og Facebook til å spreie informasjon om politikk og aktivitetar. Eigne nyhende-brev til alle medlemmer har vore sendt ut 14 gonger i løpet av året. I tillegg har mykje informasjon gått ut til lokallagsleiarar på e-post regelmessig.

### **Media**

Det har gjennom året vore regelmessige henvendingar frå media mot fylkesstyret/fylkesleiar. Mykje av merksemda har vore knytt til spørsmål om leiarval i Venstre og nominasjon i Hordaland valkrins.

Styret, januar 2021

## **ETTERORD FRÅ LEIAREN**

Ein av dei nynorske barnebøkene eg les med glede igjen og igjen, er bøkene om Jakob og Neikob, som vandrar saman i godt og gale, og klarar å halde dampen oppe. Saman utfyller dei kvarandre og kjem seg gjennom ulike utfordringar. I boka "Jakob og Neikob og "Alle Andre" har Neikob ei personleg krise, og dei dreg på leiting etter (personen) "Alle Andre" som dei til slutt finn på planeten Uno. Neikob går inn i ei klonemaskin og blir personen "Alle Andre", ein figur det finst ufattelege mengder av. Jakob prøver å finne Neikob igjen.

"På Uno kryr det av typar som ikkje er annleis. Korleis skal vi finne Neikob? sukker Jakob. Samtidig leitar Neikob også etter seg sjølv." ... Boka avsluttar med desse fine orda: "Da Neikob er seg sjølv att, får han gullmedaljen. Du er ein verdsmeister, seier Masekopp (kamerat av dei to). Ja, seier Jakob, i å vere Neikob."

Venstre har over tid hatt dårlege målingar, og ofte blir det spøkt med det store meiningsmangfaldet i Venstre. Eg trur dette er noko vi må bli flinkare å formidle, takhøgda og diskusjonsgleda vår som ein faktisk positiv eigenskap. Det at vi titt og ofte diskuterar både vilt og intenst, og er villig til å sjå på alt frå ulike sider, er noko som er bra, og som trengst, ikkje minst i verda i dag, der ekkokammer og forsøk på å kvele debattar, ikkje er så sjeldan. Mange (iallfall utanfor partiet :-)) vil nok smile dersom eg seier at verda treng Venstre, men ein annan måte å sei det på er jo at dei verdiane vi held høgt, debatt, demokrati, mangfald og folkestyre er verdiar som er under press mange stader. Vi kan godt vere litt meir stolte av det vi står for.

Sjeldan har vel verdshendingar påverka vår daglege partiaktivitet meir enn dette året som har gått. 2020 vart eit annleis år enn vi såg for oss då vi hadde årsmøtet på Voss i februar.

Smittevern har trumfa andre hensyn, og slik må det vere. Samtidig har restriksjonane ført til at organisasjonen har utvikla seg digitalt.

I første periode i mars tok det litt tid før vi kom i gang med ny arbeidsmetodikk, men etterkvart fekk vi det til. Vi har hatt ein del digitale medlemsmøter og den digitale samlinga vi hadde i november var faktisk ein suksess, som vi fekk svært gode tilbakemeldingar på. Det er tydeleg i vår organisasjon at det er politiske diskusjonar som mobiliserer best, og at det derfor har vore bra for oss å kunne bruke tid på å lese og studere programutkasta og kome saman i diskusjonar om kva politikk venstre skal ha framover. Det er svært inspirerende at så mange av våre medlemmar har delteke i dette.

Det er og ei glede at vi no får fullført Stortingsnominasjonane og at valkamparbeidet kan få ein anna intensitet. Eg vil rette ein stor takk til alle som har engasjert seg i både nominasjonsarbeidet og valkamparbeidet.

På den andre sida er det trist at våre to trufaste fylkessekretærar Linda Ness Rotihaug og Gro Gjelsvik har bestemt seg for å seie opp sine stillingar. Fylkeslaget sin krevjande økonomi har vore ein årsaksfaktor i dette. Svært mange i vår region kjem til å sakne Linda og Gro, og for oss i styret blir innsatsen til Linda og Gro eit stort sagn. Heile Vestland Venstre er takksam for innsatsen til Linda og Gro.

No må vi rette blikket mot valet som kjem. Vi har mange flotte folk, både på lista og i organisasjonen, som er klar til å ta eit tak. Saman skal vi få dette til.

*Åsta Årøen*

Vedlegg - Oversikt over minister- og statsrådsbesøk i 2020 :

Dato	Kven kom på besøk	Kven møtte for Venstre	Kvar
04.01.2020	Erna Solberg	ope arrangement	Øygarden
13.01.2020	Ola Elvestuen	Solveig Hillestad	Bergen
23.01.2020	Anders Werp	Ingen tilbakemelding	Bergen
08.02.2020	Trine Skei Grande	Fylkesårsmøtet	Voss
09.02.2020	Sveinung Rotevatn	Fylkesårsmøtet	Voss
19.02.2020	Henrik Asheim		Sogndal
19.02.2020	Henrik Asheim	Atle Hamar	Førde
03.03.2020	Henrik Asheim	For påmeldte/inviterte	Bergen
03.03.2020	Frank Bakke Jensen	Medlemsmøte	Bergen
03.03.2020	Kjell Ingolf Ropstad	ope møte	Bergen
03.03.2020	Knut Arild Hareide	Vestlandskonferansen	Bergen
10.03.2020	Sveinung Rotevatn	Gunhild Berge Stang	Fjaler
22.05.2020	Erna Solberg	Ingen deltaking	Bergen
29.05.2020	Odd Emil Ingebrigtsen	Bjørn Magne Hufthammer?	Austevoll
29.05.2020	Sveinung Rotevatn	Geir Angeltveit	Stord/Fitjar
08.06.2020	Abid Raja	Julie Andersland, Jo Lerheim	Bergen
13.06.2020	Sveinung Rotevatn	Ope medlemsmøte	Bergen
15.06.2020	Linda Hofstad Helleland	Ragnar Eimhjellen, Terje Breivik	Gloppen

15.06.2020	Linda Hofstad Helleland	Alfred Bjørlo, Terje Breivik	Stadt
15.01.1900	Linda Hofstad Helleland	Torstein Tvinnereim, Janne Elin Alsaker	Stryn
16.06.2020	Linda Hofstad Helleland	Trude Risnes	Sogndal
23.06.2020	Sveinung Rotevatn	Ingen kunne (me fekk svært sein varsel)	Alver, Lygra
23.06.2020	Sveinung Rotevatn	Erlend Horn	Bergen
26.06.2020	Knut Arild Hareide	Åsta, Alfred, Gro, Geir	Digitalt
26.06.2020	Bent Høie	Ingen kunne	Sunnfjord
08.07.2020	Abid Raja	Atle Hamar	Førde
09.07.2020	Abid Raja		Florø, Kinn
15.07.2020	Abid Raja	Alfred Bjørlo	Stadt
16.07.2020	Abid Raja	Alfred Bjørlo	Stadt
18.07.2020	Abid Raja	Jo Lerheim, Åsta Årøen	Bergen
19.07.2020	Abid Raja	Elin Seim, Torstein Gunnarson	Voss
21.07.2020	Knut Arild Hareide	Ingen, berre KrF.	Fitjar
04.08.2020	Ida Lindtveit Røse	Berre Krf fekk info i tide	Bergen
15.08.2020	Abid Raja	Bernhard, Camilla og Håkon F Stord ++	Haugesund (omegn invitert)
18.08.2020	Guri Melby	Jo Einride Lerheim	Bergen
18.08.2020	Guri Melby	Sveinung Toft	Alver
18.08.2020	Guri Melby	Kort varsel. Men medlemsmøte	Bergen
18.08.2020	Olaug Bollestad	Trude Risnes	Sogndal
20.08.2020	Iselin Nybø	Jo Lerheim	Bergen
20.08.2020	Erna Solberg	Inga lokal deltaking	Bergen
24.08.2020	Iselin Nybø	Ope medlemsmøte	Sogndal (og Årdal)
28.08.2020	Frank Bakke Jensen	Lukka møte	Bergen
01.09.2020	Abid Raja	Gustav Folkestad, medlemsmøte	Bjørnafjorden, Bergen
01.09.2020	Odd Emil Ingebrigtsen	Korona-nei	Florø og Fanøy
02.09.2020	Abid Raja	Julie, Erlend, Geir Kjell	Bergen
02.09.2020	Odd Emil Ingebrigtsen	Korona-nei	Bergen
04.09.2020	Henrik Asheim	??	Bergen
05.09.2020	Erna Solberg	??	Bergen
06.09.2020	Erna Solberg	Merethe Reksten Hopland	Askøy
18.09.2020	Olaug Bollestad	Trude Risnes	Sogndal
24.09.2020	Knut Arild Hareide	Ingen som kunne	Bergen
24.09.2020	Knut Arild Hareide	Folkemøte	Voss
01.10.2020	Erna Solberg	Geir Angeltveit	Stord
02.10.2020	Abid Raja	Julie Andersland, Geir Kjell Andersland	Bergen
05.10.2020	Sveinung Rotevatn	Medlemsmøte om Stortingsvalprogram	Stord/Sunnhordland
13.10.2020	Iselin Nybø	Kristin Golf / Etne Venstre ++	Etne
13.10.2020	Knut Arild Hareide		Bergen
20.10.2020	Erna Solberg	Trude Risnes	Sogndal
20.10.2020	Erna Solberg		Sunnfjord
27.10.2020	Henrik Asheim		Bergen
05.11.2020	Knut Arild Hareide	Atle Hamar	Førde Sunnfjord



## Framlegg til vedtak: Årsmeldinga for 2020 takast til orientering

Årsmelding frå fylkestingsgruppa - gruppeleiar orienterer  
*Sjå eige vedlegg*

Årsmeldingar frå sideorganisasjonane - leiarane orienterer  
*Sjå eigne vedlegg*

Storingsrepresentant Terje Breivik orienterer om arbeidet i 2020.

## ÅM-8. Rekneskap 2020

Nestleiar Jan Henrik Nygård legg fram rekneskapen for Vestland Venstre.  
Rapport frå revisorane leggjast fram.

> Revisorrapporten vert sendt ut som eige vedlegg seinare eller lagt fram i møtet

### Rekneskap for Vestland Venstre 2020

ÅM-8

INNETEKTER:	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Rekneskap 2019	Rekneskap 2019
	Vestland Venstre	Vestland Venstre	Hordaland Venstre	Sogn og Fjordane Venstre
Offentleg stønad >stat	358651,88	358650,00	378675,12	140613,76
>fylke	0,00	0,00	130900,00	367171,00
Sekretariatstilskot frå fylkestingsgruppa	417881,00	380000,00	150000,00	0,00
Medlemskontingent	117875,00	132000,00	76385,00	23170,00
Venstrevennbidrag	45107,00	60000,00	34600,00	18000,00
Gåver/valkampbidrag	5550,00	0,00	0,00	0,00
Anna valkampinntekt	0,00	0,00	18162,00	12500,00
Tilskot studiarbeid (VS)	19500,00	40000,00	24800,00	13000,00
Tilskot frå VHO til LPN	0,00	35000,00	31131,00	24399,00
Eigendelar landsmøtet	11423,80	76000,00	0,00	0,00
Eigendelar LPN-samlingar	0,00	20000,00	0,00	9750,00
Reiseutjamning LM/LS	19308,00	10000,00	3691,00	17628,00
Sal av administrasjonstenester	10000,00	10000,00	10000,00	0,00
Inntekt av loddsal	13810,00	20000,00	10657,50	10657,50
Andre inntekter	0,00	0,00	12513,84	0,00
Øreavrunding	0,00	0,00	0,10	0,00
Inntekt tidligare år	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteinntekter	547,99	3000,00	1869,46	706,00
<b>Sum inntekter</b>	<b>1019654,67</b>	<b>1144650,00</b>	883385,02	637595,26

<b>KOSTNADER:</b>	<b>Rekneskap 2020</b>	<b>Budsjett 2020</b>	<b>Rekneskap 2019</b>	<b>Rekneskap 2019</b>
	<b>Vestland Venstre</b>	<b>Vestland Venstre</b>	<b>Hordaland Venstre</b>	<b>Sogn og Fjordane V</b>
Lønskostnader sekretærer	625073,25	<b>620000,00</b>	376076,53	237592,88
Kontorkostnader	10132,67	<b>15000,00</b>	24082,48	4571,48
Leige heimekontor	15000,00	<b>15000,00</b>	0,00	7200,00
Lagerbod	8520,00	<b>4000,00</b>	1103,33	0,00
Nytt datautstyr/ -program	6934,00	<b>10000,00</b>	6634,00	0,00
Landsmøte	121221,30	<b>152000,00</b>	86930,00	63335,61
Reiseutjamning LS/LM	0,00	<b>3000,00</b>	2816,00	0,00
Fylkesårsmøtet	67222,50	<b>60000,00</b>	60436,00	20952,00
Fylkesstyret/interimsst.	19028,60	<b>30000,00</b>	29828,70	30906,20
Samanslåingsprosess	0,00	<b>0,00</b>	19643,95	0,00
Fylkestingsgruppa	0,00	<b>0,00</b>	0,00	12569,40
Landsstyremøte	2961,00	<b>40000,00</b>	18331,00	25700,00
Fylkessamlingar	0,00	<b>105000,00</b>	57389,52	58740,20
Andre møte	9058,00	<b>10000,00</b>	15201,50	14775,00
Nominasjonsnemnd	15418,60	<b>10000,00</b>	0,00	0,00
Nominasjonsmøtet	0,00	<b>0,00</b>	0,00	0,00
Overføring V-vennbidrag til lokallag	11052,00	<b>15000,00</b>	17300,00	0,00
Organisasjonsarbeid	0,00	<b>10000,00</b>	9639,20	13807,06
Valkamp	0,00	<b>0,00</b>	321859,87	263384,45
Valkamputval	0,00	<b>3000,00</b>	0,00	0,00
Renter/gebyr	3476,14	<b>4000,00</b>	4540,50	419,00
Vipps-gebyr	287,31	<b>200,00</b>	64,96	0,00
Gåver	775,55	<b>1450,00</b>	1647,50	647,50
Tilskot til Unge Venstre	20000,00	<b>20000,00</b>	13000,00	0,00
Tilskot til Venstrekv.lag	5000,00	<b>5000,00</b>	6000,00	0,00
Tilskot til Liberale studentar	0,00	<b>0,00</b>	0,00	0,00
Kjøp av materiell	0,00	<b>0,00</b>	0,00	0,00
Miljøpris	199,00	<b>0,00</b>	1029,90	0,00
Kurs sekretær	0,00	<b>0,00</b>	2380,00	0,00
Diverse	1646,70	<b>1500,00</b>	0,00	0,00
Øreavrunding	-0,05	<b>0,00</b>	0,00	0,00
Feriepengar, gløymt kostnadsført i 2019	16326,34	<b>0,00</b>	0,00	0,00
Utgift tidlegare år	16357,37	<b>500,00</b>	18900,00	0,00
Tap på fordringar	1620,00	<b>0,00</b>	0,00	30,00
<b>Sum kostnader</b>	<b>977310,28</b>	<b>1134650,00</b>	1094834,94	754630,78
<b>Resultat</b>	<b>42344,39</b>	<b>10000,00</b>	-211449,92	-117035,52

<b>BALANSE</b>		<b>Per 31.12.2020</b>	<b>Pr. 01.01.2020</b>
			Samanslått balanse
<b>EIGENDELAR</b>			frå dei to tidlegare fylkeslaga
Kasse		276,50	1 904,00
Brukskonto 1		34 573,66	68 317,73
Brukskonto 2		0,00	38 787,80
Kapitalkonto 1		437 794,42	20 708,09
Kapitalkonto 2		0,00	124 484,50
Skattetrekkskonto		225,40	84 384,76
Forskotsbetalte kostnader		734,00	5 430,00
Debitorar		93 010,00	174 079,00
Sum eiendeler		566 613,98	518 095,88
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
Valkampfond		0,00	0,00
Avsetning nye kontorlokale		20 000,00	20 000,00
Fri egenkapital		248 254,60	251 093,79
Årsresultat		42 344,39	0,00
SUM EIGENKAPITAL		310 598,99	271 093,79
Skyldig skattetrekk		0,00	84 161,00
Skyldig arb.giv.avg.		0,00	36 139,00
Skyldig arb.giv.avg. av fp		0,00	8 616,87
Skyldig feriepengar		0,00	61 112,16
Kreditorar		181 304,68	10 063,71
Påløpne kostnader		0,00	0,00
Reservert Årdal V nedlagt		20 192,43	0,00
Reservert Lærdal V nedlagt		31 847,64	0,00
Reservert Tysnes V nedlagt		18 954,38	18 954,38
Reservert Fitjar V nedlagt		3 715,86	3 715,86
Reservert Jondal V nedlagt		0,00	24 239,11
Sum GJELD		256 014,99	247 002,09
Sum Gjeld og egenkapital		566 613,98	518 095,88

## Kommentarar til enkeltpostane i rekneskapen for 2020

### INNTEKTER

#### Offentleg stønad

Statleg partistøtte via Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er utbetalt etter talet på stemmer ved fylkestingsvalet i 2019 (11022 stemmer). Grunnstøtta var på 66 128 kr og stemmestøtta på 26,54 per stemme. Grunna dårleg valresultat - stemmetal - og høgare valdeltaking (<lågare sats per stemme), så kjem vi dårleg ut dei neste fire åra.

Tidlegare har ordningane for fylkeskommunen sine stønader til partia vore ulik i dei to gamle fylka og praksis for bruk av pengane har vore ulik i dei to gamle fylkeslaga.

Etter regionreforma og samanslåinga til Vestland fylke er praksis for utbetaling av stemmestøtte endra heilt og stemmestøtta vert ikkje lenger utbetalt til partia, men til fylkestingsgruppene.

#### Støtte til samanslåing fylkeslag

Det blei ikkje løyva ekstra midlar frå fylkeskommunen til samanslåingsprosessar i Vestland i 2020.

#### Sekretariatstilskot frå fylkestingsgruppa

Fylkestingsgruppa til Venstre i Vestland har betalt eit stort sekretariatstilskot til Vestland Venstre i 2020. Gruppa har ikkje hatt eit eige sekretariat dette året. Fylkestingsgruppa har eigen, separat økonomi og egne bankkonti.

#### Medlemskontingent

Landsmøtet har vedtatt at medlemskontingenten til Venstre er på 300 kr og redusert kontingent er 150 kr for ikkje-yrkesaktive. Av den ordinære kontingenten skal lokallaget ha ein del på 50 kroner, fylkeslaget 75 kroner og Venstres Hovedorganisasjon 175 kr. Utover dette har lokallag og fylkeslag høve til å vedta ein eventuell tilleggskontingent (for ordinære medlemmer) på sine årsmøte året før innkrevjing. Det felles årsmøtet for Hordaland Venstre og Sogn og Fjordane Venstre vedtok i 2019 ein tilleggskontingent på 100 kroner for 2020, slik at fylkeslaget har fått ein del på 175 kroner frå totalkontingenten for ordinære medlemmer. Av kontingent for ikkje-yrkesaktive medlemmer er fylkesandelen uansett 50 kroner .

Det er elles slik at alle nyinnmelde medlemmer i heile landet betalar ein standard minimumskontingent på 300 kr det første året, noko som gir fylkeslaga ein del på 75 kroner for desse. I løpet av 2020 var det 826 medlemmer som betalte inn kontingent til Vestland Venstre (inkluderer dei som melde seg ut eller flytta ut av fylket før nyttår).

#### Venstrevennbidrag

I 2020 var det 40 Venstrevenner i Vestland som ga et månedleg beløp via autogiro. Ein fjerdedel av Venstrevennbidraga er overført til gjevaren sitt lokallag i januar 2021.  
*Se under Utgifter*

#### Gåver/valkampbidrag

Det kom inn 5550 kroner i valkampbidrag via Vipps i løpet av desember 2020.

#### Tilskot studiearbeid

Midlar overført frå Venstres Studieforbund etter innrapportering av studieverksemd i dei to gamle fylkeslaga i 2019.

### **Tilskot frå VHO til LPN**

Det har grunna Covid-19 ikkje vore gjennomført fysiske samlingar i 2020 og vi har difor heller ikkje søkt om tilskot.

### **Eigendelar landsmøtet**

Det var i budsjettet lagt inn at delegatane skulle betale ein eigendel på 4000 kr for reise til/deltaking på Landsmøtet. Grunna Covid-19 blei Landsmøtet 2020 nedkorta frå eit tredagarsmøte til eit todagarsmøte og delegatane vart oppmoda om å køyre eigen bil. Styret valde difor å gjere om på vilkåret for eigendel til å vere ein tredel av reisekostnadane for den enkelte delegat.

### **Sal av administrasjonstenester**

Bystyregruppa i Bergen har betalt Vestland Venstre for at fylkessekretær Gro Gjelsvik har administrert nettbanken for dei og ført rekneskapen for dei.

### **Inntekt av loddsal**

Basar i samband med årsmøtet på Voss i februar.

## **UTGIFTER**

### **Lønnskostnader sekretærar**

Inkludert i denne posten er lønn, feriepengar, pensjon, personalforsikring og arbeidsgjevaravgift knytt til fylkessekretærane sine stillingar.

Dei to fylkessekretærane har vore tilsett i deltidstillingar. Gro Gjelsvik i ein 60% stilling, men ho har arbeidd 100% i januar med førebuingane til årsmøtet. Linda Ness Rotihaug i ein 40% stilling.

### **Kontorkostnader**

Inkludert i denne posten er hovudsakleg telefon, leige av postboks og kontorrekvisita.

### **Leige heimekontor**

Dei to fylkessekretærane har jobba i sine eigne heimar og partiet har dermed ikkje hatt direkte utgifter knytt til breiband, strøm, reinhald etc. Og sekretærane har lagra rekneskapspermar, utstyr mm heime

### **Lagerbod**

Sidan desember 2019 har vi leigd ein lagerbod på Midtun i Bergen til oppsamla ting frå tidelgare partikontor som Hordaland Venstre har hatt i Bergen. Litt valkamputstyr, litt arkivpermar og litt kontorekvisita med meir. Kontoret som fylkestingsgruppa har på Sandsli har ikkje plass til lagring.

### **Datautstyr/-programmer**

Lisens for regnskaps- og lønssystem og abonnement på Windows 365.

### **Landsmøte**

Landsmøtet er alltid dyrt for fylkeslaga og det er vanskeleg å budsjettere på førehand. I 2020 vart det ekstra spesielt då møtet blei nedkorta grunna Covid-19. I denne posten inngår hotellopphald og reise for delegatane, pluss ei ekstra deltakaravgift som VHO krev inn i tillegg i etterkant - 1750 kr per delegat > totalt 33250 kr. Delegatane har betalt 1/3 av reisekostnadane sine som ein eigendel. *Sjå under Inntekter.*

### **Fylkesårsmøtet**

I denne posten inngår opphald og reise for alle medlemmene av dei to fylkesstyra (før samanslåing til Vestland Venstre) og fylkessekretærane, ekstra møterom, kopiering, gåver til innleiarar, honorar til kulturelle innslag mm.

### **Fylkesstyret/interimsstyret**

I denne posten inngår først og fremst reise- og møtekostnader for interimsstyret sine fysiske møte i januar/februar og for ei delvis fysisk samling for fylkesstyret i Bergen i september.

### **Fylkessamlingar**

Grunna Covid-19 vart det berre mogleg å arrangere ei digital fylkessamling i november. Ingen kostnad.

### **Andre møte**

Dette inkluderer reise og møtekostnad for eit fysisk møte for valnemnda, eit revisormøte, to sekretariatsmøte og eit arbeidsmøte for sekretariat/leiar.

### **Overføring V-vennbidrag til lokallag**

I budsjettet for 2020 vart det vedteke å overføre 25% av det som kjem inn via Venstrevennordninga til gjevaren sitt lokallag. Dette er overført til lokallaga i januar 2021.

### **Feriepengar, gløymt kostnadsført i 2019**

Inntil desember 2019 var det Hordaland Venstre som køyrde løn for gruppesekretæren til fylkestingsgruppa til Venstre i Hordaland og eventuelt andre i gruppa som fekk utbetalt godtgjersle/frikjøpsmidlar. Ved nyttår 2019 vart rekneskapen for gamal fylkestingsgruppe avslutta og refusjon for opptente feriepengar i 2019 (og arbeidsgjevaravgift av desse) vart gjort opp. Men samtidig vart det gløymt å kostnadsføre feriepengane opptent i 2019 på rekneskapsåret 2019 for Hordaland Venstre. Feriepengane vart ikkje utbetalt før i juni 2020 og er kostnadsført på 2020 for å rette opp balansen.

### **Utgifter tidlegare år**

Det kom i løpet av året inn eit forsinka krav på 10200 kr som gjaldt tidlegare fylkestingsgruppe i Hordaland. Dette var for eit arrangement i 2018, og kravet hadde vore etterlyst fleire gonger. Fylkeslaget/Hordaland V hadde fått overført saldoen frå gamal fylkestingsgruppe på 12500 kr ved avslutning av perioden. Inkluderer også nokre andre krav frå 2019 i begge lag, som ikkje var rekneskapsført tidlegare.

## **OVERSKOT**

Årsmøtet i 2020 hadde budsjettert med eit overskot  
Det endelege resultatet for 2020 blei eit overskot på 42344,39 kroner.

## **BALANSE**

Balanserekneskapen pr. 31.12.19 for dei to gamle fylkeslaga vart slått saman 1.1.2020. Tidlegare feil i balansen til Sogn og Fjordane Venstre vart retta opp 31.12.20.

### **Bankkontoar**

Før samanslåinga hadde Hordaland Venstre 3 bankkontoar i Nordea og Sogn og Fjordane Venstre hadde 2 bankkontoar i Sparebanken Sogn og Fjordane. I løpet av 2020 vart midlane frå gamle Sogn og Fjordane Venstre gradvis overført til kontoane i Nordea og kontoane i Sparebanken Sogn og Fjordane avslutta.

### **Forskotsbetalte kostnader**

Det er før nyttår betalt leige for januar 2021 for ein lagerbod hos Selvbetjeningslageret i Bergen.

### **Debitorar og kreditorar**

Det er laga ein eigen kreditor-/debitorliste. Denne inneheld berre kortsiktig gjeld og fordringar ved årsslutt. Dei største postane er avrekningar frå VHO ved nyttår, for td. løn, kontingent, Venstrevenbidrag o.a.

### **Avsetning nye kontorlokale**

Dette er ei avsetning på 20000 kr som blei gjort i Hordaland Venstre - truleg i 2012 - i perioden kor dei enno hadde eigne kontorlokale i Bergen, men såg seg om etter andre stader/moglegheiter.

### **Skyldig skattetrekk og skyldig arbeidsgjevaravgift mm**

Her er saldo no null.

Hordaland Venstre har tidlegare hatt køyring av løn for fylkessekretær og andre. Frå mars 2020 har Venstres Hovedorganisasjon overteke all køyring av løn og formelt arbeidsgjevaransvar i Altinn.

### **Reservert Tysnes Venstre, Fitjar Venstre, Årdal Venstre og Lærdal Venstre**

Tysnes Venstre hadde hatt lite aktivitet sidan 2015 og bestemte å avvikle laget i oktober 2019, fordi dei ikkje klarte å stille liste ved lokalvalet og ikkje klarte å stable på beina noko nytt styre. Restsaldo frå lagskontoen deira blei då overført til Hordaland Venstre (no Vestland Venstre) og står på vent til det eventuelt blir ny aktivitet i kommunen.

Lokallaget i Fitjar blei nedlagt i 2009. Deler av midlane som blei overført til Hordaland Venstre ved avslutning av lagskontoen har vore brukt i forsøk på listestilling i 2011, 2015 og 2019 og noko valkamp i 2017. Resten står på vent til det eventuelt blir ny aktivitet i Fitjar.

Lokallaga i både Årdal Venstre og Lærdal Venstre vart sett inaktive i løpet av 2020 og restsaldo frå desse laga vart overført til Vestland Venstre for oppbevaring inntil det eventuelt vert ny aktivitet i kommunen. NB: Det vil vere høve til å bruke noko av midlane til valkamparbeid i kommunane Tysnes, Fitjar, Årdal og Lærdal i 2021 og til listestillingsaktivitet og eventuell valkamp før lokalvalet i 2023.

## **ÅM-9. Vedtektsendringar**

Fylkesleiar Åsta Årøen legg fram forslaga til vedtektsendringar.

Forslaga vart sendt ut til lokallagsleiarar og leiarar for sideorganisasjonane 8. januar.

Vestland Venstre har sidan samanslåinga følgd normalvedtektene for fylkes- og regionlag av Venstre. [Her er lenkje til vedtektene.](#)

Årsmøtet har no høve til å endre vedtektene. Vedtektene kan berre endrast **når minst to tredeler stemmer for det.**

Dette er kva vedtektene seier om dette:

#### *§ 7. Endringar i vedtektene*

*Ved endring av desse normalvedtektene må fylkeslaget behandle sine eigne vedtektssett på påfølgjande fylkesårsmøte.*

*Fylkeslaget sine vedtekter vert endra av fylkesårsmøtet når minst to tredeler stemmer for det. Forslag til vedtektsendringar skal på førehand leggjast fram for fylkesstyret og sendast ut seinast innan ein månad før fylkesårsmøtet til dei tilknytte organisasjonar sine fylkesstyre og Venstre sine lokallag i fylket. Før endringane trer i kraft må dei vere godkjent av sentralstyret i Venstres. Eit eventuelt avslag på godkjenning i sentralstyret kan ankast til landsstyret.*

Frist for medlemmar å sende inn framlegg til vedtektsendringar til styret var 4. januar. Det var ikkje kome inn framlegg då fristen gjekk ut.

### **Framlegg til vedtektsendringar frå fylkesstyret:**

Fylkesstyret har i styremøte 5. januar kome med følgjande framlegg til endringar, som vil bli handsama på fylkesårsmøtet:

1.

**Under §4. Fylkesstyret**, tema: nemnder/utval

#### **Type framlegg: Tillegg**

Framlegg: Etter følgjande setning: *Fylkesstyret kan oppnemne eigne utval og komitéar til å ta seg av særskilte oppgåver, som for eksempel valkamputval, skoleringsutval, programkomité og nominasjonskomité, føyast det til:*

***Tilknytte, aktive sideorganisasjonar i fylket har rett på ein representant kvar i desse utvala.***

Grunngjeving: Naudsynt presisering etter lokal praksis. Normalvedtektene seier berre noko om sideorganisasjonane sin rett til representasjon i fylkesstyret og på fylkesårsmøtet.

**Forslag til vedtak:** Tillegget vert vedteke tatt inn i vedtektene

2.

**Under §4. Fylkesstyret**, tema: nemnder/utval - same stad som i framlegg 1

#### **Type framlegg: Tillegg**

Framlegg: Etter følgjande setning: *Fylkesstyret kan oppnemne eigne utval og komitear til å ta seg av særskilte oppgåver, som for eksempel valkamputval, skoleringsutval, programkomité og nominasjonskomité, føyast det til:*

***Dei nemnder/utval som fylkesstyret oppnemner skal fortrinnsvis skal ha ei samansetting med oddetal. Om nemnda/utvalet endar opp med eit partal av medlemmer, så skal utvalsleiar ha avgjerande dobbeltstemme ved stemmelikskap.***

Grunngjeving: Vi hadde ein situasjon nå i haust med partal i ei nemnd (fordi tre sideorganisasjonar deltok i forhandlingane) og stemmelikskap som hinda endeleg avgjersle.

**Forslag til vedtak:** Tillegget vert vedteke tatt inn i vedtektene

3.

**Under § 5. Fylkesårsmøtet**, tema: sideorganisasjonane sin representasjonsrett

#### **Type framlegg: Endring**

Noverande tekst: *Dernest har dei tilknytta organisasjonane Vestland Unge Venstre, Vestland Liberale studentar og Hordaland Venstrekvinnelag, i tillegg til sin styrerepresentant, éin delegat per fungerande lokallag i kommunane i fylket eller samanslegne lag. Det er ein føresetnad for representasjonsretten at laga har halde årsmøte same år som fylkesårsmøtet eller året før dette.*

Framlegg til ny tekst: *Dernest har dei tilknytta organisasjonane Vestland Unge Venstre, Vestland Liberale studentar og Vestland Venstrekvinnelag, i tillegg til sin styrerepresentant, rett på representasjon etter tal medlemmar per 31.12.:*

***Inntil 25 medlemmer: 1 delegat***

***26-50 medlemmer: 2 delegatar***

***51-100 medlemmer: 3 delegatar***

***Vidare 1 delegat for kvar påbegynt 50 medlemmer.***



*Det er ein føresetnad for representasjonsretten at laga har halde årsmøte same år som fylkesårsmøtet eller året før dette.*

Grunngjeving:

i Venstre sine vedtekter er representasjon til landsmøtet rekna ut frå tal på medlemmar i fylkeslaga og i sideorganisasjonane. Og i samband med fylkesårsmøtet vert representasjonen til dei lokale Venstrelaga rekna ut etter medlemstal.

I ein organisasjon bør same prinsipp gjelde gjennomgåande. Difor vil det vere ei 'rettare' løysing å leggje talet på medlemmar til grunn for representasjon frå sideorganisasjonane også i fylkesårsmøtet.

**Forslag til vedtak:** Endringa vert vedteke

**4.**

**Gjennomgåande**

**Type framlegg: Redaksjonelt**

Hordaland Venstrekvinnelag har i løpet av 2020 endra namn til **Vestland** Venstrekvinnelag. Fylkesstyret ser det som naturleg å endre dette namnet gjennomgåande i vedtektene våre.

**Forslag til vedtak:** Endringa oppfattast som redaksjonell

## **ÅM-10. Organisasjonsdebatt**

### **Vedtak av plan for valkamparbeidet i fylkeslaget**

Leiar av det førebuande valkamputvalet, Ingrid Nergaard Fjeldstad legg fram valkamputvalet sitt forslag til valkamplan.

## **Valkamplan Vestland Venstre 2021**

### **To på tinget i 2021**

Målet med valkampen 2021 er at Vestland Venstre skal vere representert på Stortinget frå Hordaland valkrins og Sogn og Fjordane valkrins. Vestland Venstre skal bidra til at Venstre nasjonalt kjem over sperregrensa, og framleis kan sette sitt preg på den nasjonale politikken.

### **Organisering**

Fylkesstyret sette i oktober 2020 ned eit utval som skal ha styring med, og førebu gjennomføringa av valkampen. Desse 4 medlemmene har vore med i Vestland valkamputval:

- Ingrid Nergaard Fjeldstad (leiar, Hordaland)
- Atle Hamar (Sogn og Fjordane)
- Kari Østervold Toft (Venstrekvinnelaget)
- Ole-Ansger N. Martini (Unge Venstre)

Valkamputvalet arbeider på vegne av heile Vestland. Denne planen er eit rammeverket for valkampen, det er alle me i Vestland Venstre som skal utføra arbeidet. Kvar og ein av oss er viktig for å nå målet.

Det førebuaende valkamputvalet har laga eit valkampbudsjett med utgangspunkt i økonomiske rammar frå fylkeslaget.

Når nominasjonsmøtet har valt kandidatar, vil det bli oppretta eit valkamputval for kvar av valkrinsane. Dei vil bestå av toppkandidatane i tillegg til den tilsette valkamprådgjevaren for kvar liste. Dei lokale valkamputvala vil få ansvar for utforming av materiell, kalendrar, debattar, annonsar og medievalkamp i valkrisen. Begge utval skal lage ein intern arbeids- og strategiplan for valkampen i valkrisen. Desse planane vil ikkje vere offentlege.

Dei to utvala skal samarbeide nært og ha jamlege kontaktpunkt for å vere koordinerte.

## **Hovudsaker**

Vestland Venstre vil legge seg tett opp Venstre sine hovudsaker som vert vedteken på landsmøtet i april. Hovudfokus vil vere å snakke om eigen politikk, og overtyde eigne veljarar. Høg veljarlojalitet er ein nøkkelfaktor for å nå måla. Valkamputvalet har ansvar for å tilpasse Venstre sine hovudsaker til lokale bodskap.

## **Mål for antal røystar**

For å nå målet om to stortingsrepresentantar frå Vestland Venstre må ein oppnå minst 12500 røystar i Hordaland valkrins og 4000 røystar i Sogn og Fjordane valkris (avhengig av utjamningsmandat). Røystemåla vert delt på alle lokallag i samråd med lokallaga. Berre saman kan ein klare å nå måla.

## **Valkamp under ein pandemi**

Valkampen 2021 vil verte prega av Covid-19. Vestland Venstre skal gjennomføre ein forsvarleg valkamp og alltid fylje nasjonale og lokale smitteråd. Ein tek høgde i planlegginga at valkampen vert meir digital grunna pandemien. Når det er mogeleg vil ein gjennomføre ein mest mogeleg fysisk valkamp med fokus på flest mogeleg veljarmøter.

## **Evaluering**

Valkamputvalet har saman med fylkesstyret ansvar for at valkampen vert evaluert etter valet.

**Forslag til vedtak:** Valkamplanen til Vestland Venstre vert vedteken

## **ÅM-11. Vedtak av eventuell tilleggskontingent for 2022**

Landsmøtet i Venstre har vedteke at medlemskontingenten til Venstre er på 300 kr og redusert kontingent er 150 kr for ikkje-yrkesaktive. Av den ordinære kontingenten skal lokallaget ha ein del på 50 kroner, fylkeslaget 75 kroner og Venstres Hovedorganisasjon 175 kr. Utover dette har lokallag og fylkeslag høve til å vedta ein eventuell tilleggskontingent (for ordinære medlemmer) på sine årsmøte året før innkrevjing.

Årsmøtet i 2020 gjorde vedtak om ein tilleggskontingent på 100 kr for Vestland Venstre i 2021, slik at fylkeslaget skal ha ein del på 175 kroner frå totalkontingenten for ordinære medlemmer. Av kontingent for ikkje-yrkesaktive medlemmer er fylkesandelen uansett 50 kroner .

Det er elles slik at alle nyinnmelde medlemmer i heile landet betalar ein standard minimumskontingent på 300 kr det første året, noko som gir fylkeslaga ein del på 75 kroner for desse.

Fylkesstyret foreslår at vi framleis skal krevje inn tilleggskontingent i 2022 og at vi held oss på same sats som i 2021.

**Forslag til vedtak:** Årsmøtet vedtek ein tilleggskontingent på 100 kr for 2022

## ÅM-12. Vedtak av budsjett 2021

Jan Henrik Nygård legg fram fylkesstyret sitt framlegg til budsjett for 2021

INNEKTER:	Budsjettforslag 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
	Vestland Venstre	Vestland Venstre	Vestland Venstre
Offentleg stønad >stat	359000,00	358651,88	358650,00
>fylke	0,00	0,00	0,00
Tilskot frå fylkestingsgruppa	250000,00	417881,00	380000,00
Medlemskontingent	120000,00	117875,00	132000,00
Venstrevennbidrag	45000,00	45107,00	60000,00
Gåver/valkampbidrag	0,00	5550,00	0,00
Anna valkampinntekt	63000,00	0,00	0,00
Tilskot studiarbeid (VS)	30000,00	19500,00	40000,00
Tilskot frå VHO til LPN	42500,00	0,00	35000,00
Eigendelar landsmøtet	0,00	11423,80	76000,00
Eigendelar LPN-samlingar	35000,00	0,00	20000,00
Reiseutjamning LM/LS	8000,00	19308,00	10000,00
Sal av administrasjonstjenester	0,00	10000,00	10000,00
Inntekt av loddosal	10000,00	13810,00	20000,00
Andre inntekter	0,00	0,00	0,00
Øreavrunding	0,00	0,00	0,00
Inntekt tidligare år	0,00	0,00	0,00
Renteinntekter	500,00	547,99	3000,00
<b>Sum inntekter</b>	<b>963000,00</b>	<b>1019654,67</b>	<b>1144650,00</b>

KOSTNADER:	Budsjettforslag 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
	Vestland Venstre	Vestland Venstre	Vestland Venstre
Lønnskostnader sekretærer	225000,00	625073,25	620000,00
Kontorkostnader	10000,00	10132,67	15000,00
Leige heimekontor	5000,00	15000,00	15000,00

Lagerbod	9000,00	8520,00	4000,00
Nytt datautstyr/ -program	7000,00	6934,00	10000,00
Landsmøte	125000,00	121221,30	152000,00
Reiseutjamning LS/LM	5000,00	0,00	3000,00
Fylkesårsmøtet	3000,00	67222,50	60000,00
Fylkesstyret/interimsst.	15000,00	19028,60	30000,00
Samanslåingsprosess	0,00	0,00	0,00
Fylkestingsgruppa	0,00	0,00	0,00
Landsstyremøte	25000,00	2961,00	40000,00
Fylkessamlingar	100000,00	0,00	105000,00
Andre møte	7000,00	9058,00	10000,00
Nominasjonsnemnd	0,00	15418,60	10000,00
Nominasjonsmøtet	1500,00	0,00	0,00
Overføring V-vennbidrag til lokallag	11500,00	11052,00	15000,00
Organisasjonsarbeid	10000,00	0,00	10000,00
Valkamp	570000,00	0,00	0,00
Valkamputval	0,00	0,00	3000,00
Renter/gebyr	3500,00	3476,14	4000,00
Vipps-gebyr	500,00	287,31	200,00
Gåver	1500,00	775,55	1450,00
Tilskot til Unge Venstre	20000,00	20000,00	20000,00
Tilskot til Venstrekv.lag	5000,00	5000,00	5000,00
Tilskot til Liberale studentar	0,00	0,00	0,00
Kjøp av materiell	0,00	0,00	0,00
Miljøpris	0,00	199,00	0,00
Kurs sekretær	0,00	0,00	0,00
Diverse	52000,00	1646,70	1500,00
Øreavrunding	0,00	-0,05	0,00
Feriepenger, glemt kostnadsført i 2019	0,00	16326,34	0,00
Utgift tidl. År	1000,00	16357,37	500,00
Tap på fordringar	500,00	1620,00	0,00
<b>Sum kostnader</b>	<b>1213000,00</b>	<b>977310,28</b>	<b>1134650,00</b>
<b>Resultat</b>	<b>-250000,00</b>	<b>42344,39</b>	<b>10000,00</b>

Budsjettert underskot dekkast hovudsakleg av oppspart fri eigenkapital

Merknadar/forklaringar/bakgrunn:

Inntektsposten Gåver/valkambidrag er satt til null kroner i budsjettforslaget for å angi at dette er midlar valkamputvalet har ansvaret for få satt i gang innsamling av.

Tanken er at alt som kjem inn av reine valkampbidrag i løpet av året vil gå inn i valkampkassa som eit tillegg.

Til inntektsposten Tilskot frå fylkestingsgruppa. Fylkestingsgruppa har frå 1.1.21 tilsett eigen gruppesekretær. Når begge fylkessekretærene sluttar i løpet av februar/mars vil det ikkje lengre vere naturleg for gruppa å gje eit like stort sekretærtilskot som dei gjorde i 2020.

Kostnadsposten Valkamp vert sett til 570000 kr (brutto kostnadspost). I denne økonomiske ramma til valkampen ligg tilskotet på 63000 kr tildelt frå VHO til valkamprådgjevar inne.

**Forslag til vedtak:** Budsjettet for 2021 vert vedteke  
Styret har moglegheit og fullmakt til i løpet av året å omdisponere midlar innanfor budsjettamma. Styret kan også velje å ikkje bruke alle midlane under Diverse og heller sikre eit mindre underskot.

### **ÅM-13. Eventuelt suppleringsval til fylkesstyret**

Det vert ikkje aktuelt å supplere fylkesstyret.

### **ÅM-13. Val av Valnemnd 2021-22**

Fylkesleiar Åsta Årøen legg fram styret sitt forslag til ny valnemnd.  
Valnemnda veljast for 2 år.

Fylkesstyret sitt forslag til  
**Valnemnd 2021-22**

Janne Elin Alsaker, Stryn (leiar)  
Anne-Beth Njærheim, Bømlo  
Hilmar Eliasson, Kinn  
Astrid Hårstad, Bergen  
Marius H. Hindenes, Alver

Varaer:

1. Erling Birkeland, Bergen
2. Trude Risnes, Sogndal
3. Oddrun Vellene Vevatne, Voss
4. Håkon Rode Særsten, Stord
5. Merete Reksten Hopland, Askøy

I tillegg tiltrer sideorganisasjonane med kvar sin representant som dei peikar ut for oppgåva.

### **ÅM-13. Val av Landsmøteutsendingar**

Leiar av valnemnda for Vestland Venstre, Judith Kapstad legg fram innstillinga.

Vestland Venstre har rett på totalt 18 utsendingar til Landsmøtet 2021, inkludert dei tre vi kan sende på landsstyrekvota.

Valnemnda si innstilling til  
**Landsmøteutsendingar 2021**

Nummer	Namn	Kommune	K/M	Rolle
1	Åsta Årøen	Bergen	K	Leiar, Vestland Venstre
2	Jan Henrik Nygård	Kinn	M	1. nestleiar, Vestland Venstre
3	Agnes Hoshovde Bernes	Alver	K	2. nestleiar, Vestland Venstre
4	Geir Kjell Andersland	Bergen	M	Gruppeleiar, Vestland Venstre
5	Kari Østervold Toft	Øygarden	K	Leiar, Vestland Venstrekvinnelag
6	Jens Håkon Birkeland	Voss	M	Leiar, Vestland Unge Venstre
7	Julie Andersland	Bergen	K	Gruppeleiar, Bergen Venstre
8	Gunnar Osland	Askvoll	M	Varaordførar
9	Astrid Dale	Bjørnafjorden	K	Lokallagsleiar
10	Torstein Tvinnereim	Stryn	M	Varaordførar
11	Elin Seim	Voss	K	Heradsstyrerepresentant
12	Heine Johansen	Bergen	M	Leiar, Bergen Venstre
13	Anne-Beth Njærheim	Bømlo	K	Kommunestyrerepresentant
14	Terje Breivik	Ulvik	M	Stortingsrepresentant
15	Merethe Hopland	Askøy	K	Lokallagsleiar
16	Atle Hamar	Sunnfjord	M	Programkomité Venstre
17	Ane Breivik	Bergen	K	(innstilt andrekandidat i Hord vk)
18	Mathias Fischer	Bergen	M	Statssekretær

#### Varaliste:

1	Ingebjørg Flyum Bjørlo	Stad	K	Kommunestyrerepresentant
2	Geir Angeltveit	Stord	M	(innstilt tredjekandidat i Hord vk)
3	Ingrid N. Fjeldstad	Bergen	K	(innstilt fjerdekandidat i Hord vk)
4	Ole Martini	Stad	M	(innstilt tredjekandidat i SFj vk)
5	Trude Risnes	Sogndal	K	(innstilt fjerdekandidat i SFj vk)
6	Peder Lofnes Hauge	Bergen	M	
7	Dina Bovim	Kinn	K	(innstilt femtekandidat i SFj vk)
8	Elizabeth Toft Erichsen	Øygarden	K	Lokallagsleiar, fylkesstyremedlem
9	Are Kvistad	Sogndal	M	Lokallagsleiar
10	Miriam Louise Seim	Bergen	K	Nestleiar Bergen V (innstilt åttandekandidat i Hord vk)
11	Elias Slåtten	Sunnfjord	M	(innstilt sjuandekandidat i SFj vk)
12	Kristin Steinsland	Stord	K	

#### Forslag til vedtak:

Heile lista, med varautsendingar vert valt.

Fylkesstyret har fullmakt til å avgjere kven av desse som, i tillegg til fylkesleiar, møter i landsstyret i samband med Landsmøtet.

Fylkesstyret har fullmakt til å supplere varalista om den viser seg å vere for kort.

## **ÅM-14. Handsaming av utkast til stortingsvalprogram**

Leiar av Venstre sin programkomité, Sveinung Rotevatn, innleiar til debatt.

[Her er lenkje til programkomiteen sitt andreutkast til stortingsvalprogram](#)

Debatt kapittel for kapittel, votering rett etterpå.

Innkomne endringsforslag til programmet med fylkesstyret sine innstillingar, *ligg føre i eige vedlegg*

Votering over endringsforslaga og dissensane.

Sekretariatet sendar inn endringsforslaga frå årsmøtet til handsaming i landsstyret/på Landsmøtet innan fristen 1.mars 2021(ny frist sidan Landsmøtet har fått ny dato).

## **ÅM-15. Val av redaksjonsnemnd for neste årsmøte**

Fylkesstyret sitt forslag til

**Redaksjonsnemnd for politiske fråsegner under årsmøtet 2022**

Leiar : Jan Henrik Nygård

Medlem: Tom Hiis Berg

Medlem: Vanja Espeland

I tillegg tiltrer sideorganisasjonane med kvar sin representant som dei peikar ut for oppgåva.

**Forslag til vedtak:** Redaksjonsnemnd for neste årsmøte vert valt.

Fylkesstyret har fullmakt til å supplere undervegs om nokon i nemnda melder forfall/ikkje kan møte ved neste årsmøte.

Nemnda startar arbeidet og konstituerer seg sjølve i forkant av årsmøtet.

## **ÅM-16. Innkomne saker**

Det kom ikkje inn nokon saker innan fristen 12. januar